




Sogn og Fjordane fylkeskommune har ansvar for fylkesvegane, avgjer kva prosjekt som skal gjennomførast kvart år og gir politiske føringar for utvikling av fylkesvegane. Det er Statens vegvesen som normalt planlegg, byggjer, driftar og held ved like fylkesvegane for fylkeskommunen.



Fv. 60 Tomasgard–Stranda grense i Hornindal kommune

## Oppstart av reguleringsplan

I samsvar med §§3-7 og 12-8 i plan- og bygningslova blir det med dette varsla oppstart av reguleringsplanarbeid for fv. 60 på strekninga mellom Tomasgard og grensa til Stranda kommune i Møre og Romsdal.

Ny fv. 60 som skal planleggast, samsvarar med alternativ 2 i kommunedelplan for Tomasgard–Røyhus bru, som vart vedteken i Hornindal kommunestyre 18. oktober 2012. Veglinja startar ved Tomasgard og går først på sørsida av dalen, før den kryssar Storelva i området Taraldset/Seljeset–Brendefur, vidare går veglinja på nordsida av dalen til grensa med Stranda kommune. I tillegg til veglinja, skal det regulerast for kryss og avkøyrslar.

Planarbeidet utløyer ikkje konsekvensutgreiing då dette vart utført i samband med kommunedelplan.

Oppstartsvarselet med kart ligg på Hornindal kommune si heimeside, [hornindal.kommune.no](http://hornindal.kommune.no), og på Statens vegvesen si heimeside, [vegvesen.no](http://vegvesen.no)

Spørsmål i samband med reguleringsplanarbeidet kan rettast til Gun-Mari Ødegård på tlf. 57 65 58 34, eller på e-post [gun-mari.odegard@vegvesen.no](mailto:gun-mari.odegard@vegvesen.no)

Eventuelle merknader skal sendast til Statens vegvesen, Region vest, Askedalen 4, 6863 Leikanger eller [firmapost-vest@vegvesen.no](mailto:firmapost-vest@vegvesen.no) **innan 28. oktober.**